



NFU STORD FITJAR
Evy Skogedal
5419 FITJAR

Dato: 16.05.2017
Vår ref.: 2017/362-13
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Att. Evy Skogedal

Søknad om tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge. Underretting om vedtak

Vi viser til dykker søknad om tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama søknaden i politisk sak 53/17 på møte den 24.06 d.å.
Dykker søknad vart dverre gitt avslag.

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 15.02.2017 var det kome inn 6 søknader. Samla søkesum var kr 926.875,-. Det er totalt kr 500.000,- til fordeling under Tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge i våren 2017.

Tildelinga er sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Ved avgjerala av dykker sak har utval for kultur, idrett og regional utvikling lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Utvalet fant ikkje at dei vedtekne vilkåra for tildeling er oppfylte.

Individuell grunngjeving: Denne søknaden høyrer ikkje heime i denne ordninga. Søknadssummen er langt under grensa og i tillegg godt over 50%

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de tok imot melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka med *Klage - saksnummer*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.